

# Elevrådskonferansen 2022

**27/09 2022 10:00 - 28/09 14:30**

**Vestnes Fjordhotell**

Publisert: 23.08.22 Oppdatert: 16.09.22



Er du leiar eller nestleiar i elevrådet ved din vidaregåande skole, så kan du bli med på elevrådskonferansen 27.-28. september 2022.

Målet med elevrådskonferansen er å gje deg som leiar eller nestleiar i elevrådet :

- ein tryggleik i rolla som elevrådsleiar/nestleiar
- verktøy til å kunne påverke på din skole
- eit innblikk i fylkeskommunen sitt arbeid på dei vidaregåande skolane
- eit nettverk på tvers av dei vidaregåande skolane i fylket

Det blir eit breitt program, med anledning til diskusjon og erfaringsdeling. På kvelden samlast vi til felles middag på hotellet.

Elev- og lærlingombodet dekker overnatting og mat, men kostnader knytt til reise må skolen dekke. Deltakarane må bu på dobbeltrom. Allergiar eller andre omsyn meldast til elev- og lærlingombodet på e-post.

## Dokumenter



## Invitasjon og program elevrådskonferansen 2022

## Kontakt



Tove Regine Stranden  
elev- og lærlingombod  
71 28 04 49 / 993 01 564  
[Send e-post](#)